

MMK: Kjetgrav + sørede

Veg og Virke

Nr. 2 1994 22. årgang

Bedriftsblad for
Statens vegvesen Møre og Romsdal




13 MAI 1994
BIBLIOTEKET

VEGDIREKTORATET



Statens vegvesen
Møre og Romsdal

INNHALD



Leder	3
Beredskapsøvelse i Freifjordtunnelen	4-5
Eiksundsambandet	6-7
Under samme tak	8
Vi tar i bruk HMS	9-33
Vegvesenet dømt.....	34
Driftskonferansen	35-37
Kryssord	38-39
Personalia.....	40
Fylket rundt.....	40

Redaktør: Wiggo Kanck
Redaksjonssekretær: Palma Pladsen

Redaksjonsutvalg: Ottar Brudeseth, drift,
Sverre Digernes, driftsavdelinga,
Terje Haug, administrasjonsavdelinga,
Berit Ingebrigtsen, planavdelinga.

Utgitt av: Statens vegvesen Møre og Romsdal,
Fylkeshuset, 6400 Molde
Telefon: 71 25 80 00 Telefax: 71 25 83 28

Opplag: 2100

Etter ønske frå vegsjef E. Vollset vert side 3 stilt til disposisjon for ansatte i Statens vegvesen Møre og Romsdal. Om ikkje anna er gjeve opp, er teksta laga av redaktøren. Ettertrykk vert anbefalt, men angi kjelde. Personlege meiningstryingar gjer nødvendigvis ikkje greie for etatens offisielle haldningar.

Framsida: Arbeid på ny Nås bru.
Foto: Wiggo Kanck

Deadline for neste nr. er 1. juni 1994.

Sats og trykk: EKH trykk, Molde. Telefon: 71 21 11 33



Paul Bølset

Ved siste årsskiftet blei den første utgåva av HMS-handboka vår ferdig trykt og sendt ut til aktuelle personar i vegetaten. HMS-handboka er delt i tre hovuddelar:

- Fellesdel
- Spesialdel
- Dokumentasjonsdel

Ei arbeidsgruppe hadde då stått for utarbeidinga av handboka sidan årsskiftet 1991/92. Arbeidsgruppa som hadde overingeniør Geirmund Nordal som leiar og verneleiarane Egil Bakke/Knut Stokkeland som sekretærar, har her lagt ned eit svært omfattande og godt arbeid. I tillegg har arbeidsgrupper frå dei ulike avdelingane delteke i utarbeidinga av spesialdelen.

HMS-handboka byggjer på arbeidsmiljølova av 1977 og forskrift om internkontroll som blei innført frå 1. januar 1992, og utgjer ein del av det totale kvalitetssikringssystemet vårt. HMS-handboka gjev såleis grunnlaget for å sikre kvaliteten for helse, miljø og sikkerheit.

Som byggherre og arbeidsgjevar har Statens vegvesen det mål at all verksemd i etaten skal gjennomførast utan at menneske, miljø og materiell blir påført skade. Å hindre skadar er ei prioritert oppgåve for Vegvesenet i dette fylket.

HMS - Handboka

HMS-arbeidet i etaten vår blir såleis i sum ulike tiltak for best mogeleg å kunne oppfylle målet i arbeidsmiljølova om å gje arbeidstakarane «full trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkningar».

I Statens vegvesen Møre og Romsdal er det vegsjefen som har det overordna arbeidsgjevaransvaret. Det seier seg sjølv at det ikkje er mogeleg for vegsjefen åleine å sørge for at produksjons- og forvaltningsoppgåvene våre blir gjennomført i samsvar med aktuelle lover og forskrifter.

Derfor er avdelingsleiarar og seksjonsleiarar, stasjonssjefar i biltilsynet, anleggsleiarar og vegmeistarar delegert arbeidsgjevaransvar på vegne av vegsjefen. Vegsjefen kan sjølv sagt likevel ikkje fråskrive seg det overordna ansvaret.

Det er mange lover og eit svært omfattande regelverk som har verknad for HMS-arbeidet i Vegvesenet. Handboka er ei hending og oversiktleg informasjonskjelde om lover, forskrifter og føresegner som ein må gjere seg kjent med i samband med gjennomføringa av ulike arbeidsoppgåver i etaten.

Men først og fremst gjev HMS-handboka informasjon om kontrollsystemet for å førebyggje ulykker, skade eller tap og skape trivsel på arbeidsplassane. Dessutan skal HMS-handboka vere ein dokumentasjon av HMS-kontrollsystem andsynes tilsette og styresmakter.

Kort sagt gjev såleis handboka ei oversikt over det regelverket vi er pålagt å følgje, korleis HMS-kontrollsystemet er bygd opp og kor-

leis vi skal dokumentere at systemet verkar og at resultatata er i samsvar med målsetjinga.

Arbeidsmiljø og tryggleik skal inngå som ein naturleg del av kvar arbeidsoppgåve, frå planleggingsstadiet til arbeidet er utført. Handboka vil såleis bli eit nyttig oppslagsverk for leiarar og verneombod i det daglege arbeidet. Likeeins vil handboka vere viktig i arbeidet med å kunne dokumentere at leiinga planlegg og fører kontroll med at lover, forskrifter og reglar blir følgde.

Helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassane er eit ansvar for leiinga, men skal vi få systemet til å verke må vi også ha ein stor grad av medverknad får alle arbeidstakarar. Alle må vere interessert i å redusere talet på skadar og ulykker og betre det totale arbeidsmiljøet i etaten. Derfor er HMS-arbeidet også eit fellesansvar for alle i etaten vår.

Det er viktig at vi no set oss inn i korleis HMS-kontrollsystemet er bygd opp og at vi tek systemet aktivt i bruk og vinn erfaring med systemet og korleis det fungerer i praksis. 1

Paul Bølset

TØFF JOBB I TETT RØYK



Ut av røyken kommer to skikkelser, pusten går tungt inne i maskene. Mellom seg bærer de en livløs kropp opp fra bunnen av tunnelen dypt under Freifjorden. Sikten er bare noen få skritt.

Like etter midnatt mandag kveld gikk alarmer. Tykk røyk veltet ut av bilen, en av passasjerene hadde klart å komme seg fram til nødtelefonen for å varsle om ulykken. Utmatt et segnet han om på den kalde asfalten.

Denne gang var det øvelse. En viktig og helt nødvendig trening på å mestre de ekstreme forholdene inne i den drøyt halvmil lange tunnelen som binder Kristiansund og Frei til fastlandet.

De røde lysene i hver ende av tunnelen ble øyeblikkelig slått på da alarmsentralen fikk meldingen. Da de første brannfolkene kom fram på Bergsøy-siden veltet røyken

ut. Med sitt egen-konstruerte søkerutstyr startet de det møysommelige arbeidet med å ta seg innover. Ved hjelp av stenger forbundet med hverandre ved hjelp av et sterkt tau, «dregget» røykdykkerne kjørebanelen innover mot den brennende bilen. De hadde ingen mulighet til å se hverandre på hver side av veggen. Først ble en person funnet og båret ut mot ambulansene som hadde kjørt et lite stykke inn. Deretter traff tauet en til. Og snart var alle på veg ut.

Halv time

Svetten rant på innsiden av maskene. Flaskene på ryggen hadde oksygen for en

Lyden av sirener forplanter seg mellom tunnelveggene, men blålysene «slukes» fort av røyken. Marerittet er et faktum, en bil med fire personer har brast inn i berget inne i tunnelen.

drøy halvtime. Lite tid i en slik situasjon.

Fra den andre siden av tunnelen arbeidet brannfolkene fra Kristiansund seg framover. Også de slet tungt i motbakken opp mot tunnelåpningen på Bergsøy. Men karene fra brannvakta hadde i alle fall oksygen til fire timer i de spesielle flaskene som er kjøpt inn som en del av Krifast-beredskapen.

Fire mann gikk side om side innover. Lyskeglene fra lyktene ble fort «spist opp» av røyken. Pusten gikk tungt Denne gangen var røyken «ufarlig». Lyset i tunneltaket var tent og sambands-

kablene var ikke ødelagde av varme. En brann inne i tunnelen kan gjøre forholdene enda vanskeligere enn de var denne gangen.

– Det dere opplevde inne i tunnelen må være en tankevekker. Dere fikk møte forhold opp mot det som venter den dagen alarmer går og det er alvor. Jobben som venter er tøff og vanskelig. Ulykker og branner inne i tunneler krever mye, sa øvelsesleder Ole Jørgen Wirum til slitne mannskaper etter at øvelsen var avblåst, tunnelen effektivt tømt for røyk og de sju-åtte bilene som hadde ventet på hver side hadde fått grønt lys.

Ferske inntrykk

Mens inntrykkene ennå var ferske og erfaringene nye, samlet alle som deltok seg for å diskutere og foreta den første gjennomgang av øvelsen.

Denne gangen var varslingssystemet og det tverrfaglige sambandet under utrykningen hovedmålet for øvelsen. Og sambandet fungerer bra, det største minuset som ble avdekket var mangelen på radiogram for å hjelpe de forskjellige redningsenheter med å finne hverandres arbeidskanaler.

Leteutstyret som ble brukt av brannfolkene fra Gjemnes, ble også rost. Og for Vegvesenet – eieren av tunnelen med ansvaret for øvelsen – var det betryggende å få slått fast viftenes enorme kapasitet og evne til å styre røyken. Noen tekniske feil og mangler ble oppdaget og rettes på for å gjøre tunnelen enda tryggere.

Samkjøring

Øvelsen avdekket stort behov for medisinsk ledelse og oppsamlingsplass for skadde på Gjemnes-siden og bedre kontakt og samkjøring mellom helsepersonellet i hver ende av den lange tunnelen. Det er også klart at båt, eventuelt helikopter, må rykke ut for å kunne frakte redningspersonell til den siden av tunnelen der behovet er størst.

– Som øvelse var dette svært vellykket. Vi fikk se at systemet fungerer, men også avdekket ting som må rettes på. Sammen må vi legge hodene i bløt og finne gode løsninger på de problemene vi avdekket og vil møte den dagen det er alvor, sa Wirum før han sendte folket hjem til en dusj og et par-tre timer søvn før en ny arbeidsdag.

Ole T. Strand



Ambulansene kjørte et stykke inn i tunnelen, men røykdykkerne måtte bære de skadde et godt stykke. En tøff og tung jobb under de ekstreme forholdene.

SLIK BLE DET ØVELSE

Da den tykke røyken veltet «ut» fra bilvraket i bunnen av Freifjord-tunnelen var det mange timer planlegging i øvelsesstaben som lå bak. Sent mandag kveld ble det ved hjelp av røyk, et bilvrak og dukker skapt en situasjon så nær opp mot en realistisk ulykke som mulig.

Etter at tunnelen var stengt for trafikk, fraktet Vegvesenets folk inn bilen. Observatørene fra sykehuset la ut de skadde «personene» og to brannmenn gjorde alt klart for «brannen».

Røykmaskiner og sekker fulle av fuktet trespon ga voldsom røykutvikling da øvelsesleder Ole Jørgen Wirum en halvtime over midnatt ga klarsignal. Ved hjelp av de enorme viftene inne i tunnelen ble røyken først ledet mot tunnel-



åpningen på Bergsøy for at redningsmannskapene fra den siden skulle få øve. Noe senere ble viftene snudd og røyken presset mot mannskapene som rykket ut fra brannvesen, sykehus og politi i Kristiansund. Halvannen time etter at underbrannmester Kjell Pedersen startet røykmaskinene, var øvelsen avslut-

Vegvesenets folk fraktet bilvraket inn i tunnelen, mens dukker ble lagt ut av observatørene fra sykehuset.

tet. Det tok viftene bare noen få minutter å tømme hele tunnelen for røyk.

Ole T. Strand

EIKSUNDSAMBANDET – HER ER HOVUDPLANEN

I hovudplanen for Eiksund-sambandet er det vurdert ulike alternativ for undersjøisk tunnel frå Hareidlandet til Ørsta/Volda. Det rimelegaste alternativet for eit fast samband er kalkulert til om lag 470 mill. kr i anleggsinvesteringar. Av dette kan bompengar dekkje ca. 120 mill. kr ved å leggje til grunntakstzone 7 i 15 år. Det er òg utgreidd alternative opplegg for eit betra ferjesamband på strekninga Eiksund-Rjånes. Det rimelegaste forbetra ferjesambandet – der ferjestrekninga er redusert frå 3400 m (takstzone 4) til 2850 m (takstzone 3) – krev investeringar på land til om lag 25 mill. kr. Då er det rekna med 10 mill. kr til eit nytt og vesentleg betre ferjeleie med større oppstillingsplass på Rjånes.

- enklare rutetider med avgangar heile og halve timar.
- framleis tilbod til syklistar og gåande.

For ferjeselskapet vil eit innkorta samband føre til:

- større kapasitet/tilbod slik at eventuelle investeringar i nye større ferjer kan utsettast.
- eventuelle nye ferjer kan byggjast enklare og billigare, men likevel innretta på rask ombord- og ilandkøyring.

Nytte/kostnad (N/K)

For alle fordelar (nytte) og ulemper (kostnad) er brukt same samanlikningsår.


I tunnelalternativet vil trafikantane spare ventetid når ein samanliknar med dagens ferjetilbod. Verdien på denne tida er utrekna til 38 mill. kr. Ved nedlegging av ferje sparer ein i tillegg driftskostnader som tilsvarande er rekna til 17 mill. kr. Årlege driftsutgifter for tunnelen på 8 mill. kr er rekna inn. Samla nytte blir dermed 55 mill. kr.

For å oppnå dette krevst ei neddiskontert investering på 311 mill. kr. Forholdet mellom nytte og kostnad (N/K) blir dermed $55/311 = 0,18$, eller m.a.o. ein utrekna nytte på 18 øre for kvar krone investert.

Ved samanlikning mellom dagens ferjetilbod og eit innkorta samband vil trafikantane spare ventetid utrekna til 13 mill. kr. Med tettare avgangar og heildøgns ferjetilbod vil driftskostnadene for ferje auke med ca. 2 mill. kr. Samla nytte blir dermed redusert til ca. 11 mill. kr. Neddiskontert kostnad for å oppnå dette er rekna til 16 mill. kr. $N/K = 11/16 = 0,69$. For kvar krone investert i dette tilfellet er utrekna nytte 69 øre.

Undersjøisk tunnel

Av dei tre alternative tunnelpåhogga på Hareidlandet, er alternativ 1A det som synest å vere det minst kontroversielle. Tunnelen blir her kopla direkte til riksvegen i ei rundkøyring. Alternativ 1B



Trafikken til/frå øyane har få reisemål langs Vardalsstranda (om lag 6 %).

Andre viktige konklusjonar som kan trekkjast ut av trafikkundersøkinga:

- Føremålet med reisene er relativt likt fordelt på tenestereiser, innkjøp, til/frå arbeid, skule og vekeslutt/feriereise med om lag 20 % på kvar.
- Om lag 94 % av trafikken er mindre bilar, tungtrafikkdelen er dermed uvanleg låg - 6 %.

Årsdøgntrafikk

(ÅDT) 1992: 572 bilar
 ÅDT 1993: 575 bilar

Ca. 26 % av biltrafikken til/frå øysamfunnet går over Eiksund/Rjånes.

Her er nokre døme på kor lang tid ulike kjøretøy treng gjennom tunnelen:

TYPE	VEKT	FART	TID
Buss/lastebil	5,5 tonn	60 km/t	9 minutt
Vogntog	24,0 tonn	35 km/t	16 minutt
Vogntog	50,0 tonn	20 km/t	27 minutt

Ferjealternativ

Av dei 3 moglege alternativa for innkorting av strekninga Eiksund-Rjånes, peikar alternativ 0.2 seg ut som det minst kontroversielle m.o.t. naturinngrep. Dette alternativet til ca. 14 mill. kr går ut på bygging av ny ferjekai ca. 600 m aust for noverande Eiksund ferjekai. Dette reduserer overfartstrekninga til under 3 km og overfartstida til ca. 10 minutt.

Med 1/2-times avgangar i tida frå kl. 0600 til kl. 2400 og nattferje kvar time, kan døgntilbodet bli auka med minst 10 avgangar eller ca. 40 %.

For trafikantane betyr dette eit heildøgns tilbod med:

- oftare avgangar med mindre ventetid.
- kortare overfartstid og med kortare samla reisetid.
- lågare takstar.

går gjennom ein verneverdig eikeskog i Havåg og er av den grunn konfliktskyt. Alternativ 1C har påhogg nord for Selvågtunnelen og blir dermed ca. 870 m lengre og 40 mill. kr dyrare enn alternativ 1A.

På Ørsta/Volda-sida av fjorden er det òg utgreidd 3 alternative påhogga med tilhøyrande tilføringsveggar. Alternativ 2B gjennom Alida vil få vanskar med ras og steinsprang. Vegbrukarane sine krav til rassikring gjer det vanskeleg å forsvare at Eiksundsambandet blir knytta til dagens tilføringsveg langs

Voldafjorden. Ein får ikkje full sikring mot ras og steinsprang her utan at tunnelen vert forlenga forbi Alida. Gjennom Alida ville det elles bli svært vanskeleg å få til akseptabel kurvatur for ein riksveg på grunn av det svært bratte terrenget.

Rjånesalternativet vert om lag 10 mill. kr dyrare enn alternativet i Sørestranda og tunnelen vert over 11 km lang.


Alternativ 2A med tilknytting til riksveg 1 på Rystlandet vil kunne bli ein rastrygg trasé med god linjeføring. Dette

alternativet peikar seg difor ut som det klart beste av tunnelalternativa.

Utsprengte massar utgjer eit volum på ca. 800 000 m³. Det tilsvarar ca. 80 000 billass.

Trafikk

Undersøkinga i 1993 tyder på at trafikken mellom øyane og Ørsta/Volda fordelar seg likt mellom Ørsta og Volda og er vesentleg av lokal karakter.



Eit alternativ er innkorting av ferjestrekninga Eiksund-Rjånes.

Slutt på 14 års brakketilværelse

Etter 14 år tok brakketilværelsen for Biltilsynet Ørsta slutt. Mandag 11. april kunne stasjonssjef Helge Idar Vartdal i Biltilsynet Ørsta og vegmester Sigmund Kleppe ta i bruk den nye veg- og biltilsynsstasjonen i Hovdebygda.

Ørsta veg- og biltilsynsstasjon er den første i Møre og Romsdal med felles ekspedisjon for vegstasjon og biltilsynet. Stasjonen har et bruttoareal på 1580 kvadratmeter. Tomtearealet er på 11,5 mål. De totale byggekostnadene vil ligge på om lag 21 millioner kroner. Det er Statsbygg som er byggherre, og den offisielle åpninga vil skje når anlegget er komplett senere i år.

– Det har gjennom de 14 årene med brakketilværelse vært arbeidet jamt og målretta for å skaffe tidsmessige og permanente lokaler. Når vi endelig har nådd målet, har vi også oppnådd vesentlige forbedrede arbeidsforhold. Ikke minst kan vi nå tilby publikum tjenester med en langt høyere kvalitet. Vi går inn i en ny epoke, sa stasjonssjef Helge Idar Vartdal da han kunne ta imot den første kunden.

Og som se hør og bør ble den første kunden møtt med blomster og mange hyggelige ord.

I nybygget vil vegstasjonen få sine kontorlokaler, mens resten av T-2 sin virksomhet fortsatt vil skje fra «gammelbygget». Den nye stasjonen har fått et



Etter 14 års brakketilværelse kunne inspektør Arild Stølen og hans kollegaer flytte inn i moderne og tidsmessige lokaler.

romslig teorirom for spente og nervøse førerkortkandidater, bibliotek, arkivrom, velutstyrt kantine og gode garderobe-forhold. Kontrollhallene har enten fått eller vil om kort tid få spesialstyr for håndtering og gransking av skadde kjøretøy.

Biltilsynssjef Arne Johnsen var under åpninga ikke i tvil om at distriktet



har fått en veg- og biltilsynsstasjon som på alle måter er på linje med det beste som er i landet.

De 11 gamle brakkene er for øvrig solgt til Ørsta Røde Kors. Brakkene skal brukes som lagslokaler for Røde Kors-foreningene i distriktet.

Stasjonssjef Helge Idar Vartdal lover publikum høyere kvalitet på biltilsynets tjenester.



Internkontroll – det er viktig det!



Eit kvalitetssikringssystem for helse, miljø og sikkerheit

Arbeidsgruppa for HMS-handboka har hatt desse medlemene: Avdelingsingeniør Knut Inge Braute, maskinavdelinga, avdelingsingeniør Sverre Digernes, driftsavdelinga, oppsynsmann Arnold Hustad, anleggsavdelinga, stasjonssjef Kjell Ramstad, trafikant- og kjøretøy-avd., overingeniør Geirmund Nordal, verneombod, vegkontoret, spesialarbeidar Levor Legernes, hovudverneombod, verneleiar Knut Stokkeland, verneleiar Egil Bakke, pensjonist frå 1.2.93, spesialarbeidar Helge Lilleidet, verneleiar kontoret frå 1993.

Gruppa hadde sitt første møte 13. desember 1991, og møte nr. 12, det siste, 4. januar 1994.

Arbeidet har altså teke 2 år, og resultatet er då samla i desse 3 permene som utgjør HMS-handboka.

Bakgrunnen for arbeidet er Kommunaldepartementet sin forskrift for internkontroll, gjeldande frå 1. januar 1992. Vegdirektoratet kom med meir utfyllande kommentarar i eit brev av 20. september 1991, der ei arbeidsgruppe hadde vurdert: «hvordan Vegvesenets kontrollsystem for HMS, som er et kvalitetssikringsopplegg for helse, miljø og sikkerhet, kan bygges opp innen vegvesenet.

Det nye og viktige med et kontrollsystem for HMS er at:

- Ansvarlig leder (vegsjef) må etablere et system som tilfredstiller forskriftenes krav om internkontroll.
- Sørge for at systemet følges opp, og at en reagerer på avvik.»

Utkastet var inndelt i 3 deler:

- Fellesdel
- Spesialdel
- Dokumentasjonsdel

Inndeling i kapittel og tekst bygde på eit utkast som Nordland hadde laga.

Gruppa vår har og i hovudsak brukt Nordlandsmodellen, med ein del endringar.

Arbeidet i gruppa:

Vi må berre innrømme at arbeidet i starten var famlande for dei fleste av oss. Og utan verneleiar Egil Bakke sin gode oversikt og tilrettelegging, ville arbeidet den første tida blitt mindre strukturert.



Arbeidsgruppa for HMS-handboka har hatt desse medlemene: avdelingsingeniør Knut Inge Braute, maskinavdelinga, avdelingsingeniør Sverre Digernes, driftsavdelinga, oppsynsmann Arnold Hustad, anleggsavdelinga, stasjonssjef Kjell Ramstad, trafikant- og kjøretøy-avd., Overing. Geirmund Nordal, verneombod vegkontoret, spesialarbeidar Levor Legernes, hovudverneombod, verneleiar Knut Stokkeland, verneleiar Egil Bakke, pensjonist frå 1.2.93, spesialarbeidar Helge Lilleidet, verneleiar kontoret frå 1993. Egil Bakke er ikkje med på bildet.

Tidplanen vart også endra undervegs. Vi såg det var viktigare å jobbe med stoffet enn å ha ein stram tidsfrist, mao.: Vegen vart til medan vi gjekk.

I spesialdelen har det også vore breid medverknad frå alle avdelingar. Viktige arbeidsoppgåver er gjennomgått, risikoforhold som er knytt til utførelsen av arbeidet er vurdert. Vidare er sett opp kva krav som er sett frå offentlege myndigheiter eller interne instruksar for utførelsen av vedkomande arbeid.

Arbeidet med stoffet har vore engasjerande. Undervegs trur eg at alle har merka dette. Svært lite forfall til møta har vist at engasjementet har vore til stades, og der medlemene heile tida har

vurdert Vegvesenet som ein etat.

Det er lagt mykje vekt på å beskrive organisasjonen vår. Dette er viktig, for det fortel om korleis ansvaret er fordelt. For tilsette er det viktig å vere kjent med dette, ein finn lettare fram i systemet, og til rett person.

I perm nr. 1, Fellesdel, er alt dette samla. Det gir også innsikt i etaten som på mange punkt ikkje har vore så lett tilgjengeleg før. Berre denne delen burde få mange lesarar.

Perm nr. 2, Spesialdel, har beskrivelse av arbeid, med risikoforhold knytt til arbeidet, og kva krav som er sett til sikring, m.v.

Perm nr. 3, Dokumentasjonsdel, har oversikt over instruksar, retningslinjer, sertifikat, m.v. Her


skal vi setje inn møtereferat, rapportar frå verne- og helsetenesten og meldingar om avvik. Når dei ulike tilsynsmyndigheiter kjem på besøk, vil innhaldet her fortelje kva du konkret har gjort på din arbeidsplass.

Som tidlegare nemnt er HMS ein del av Vegvesenets totale kvalitetssikringssystem. Det skal leggjast til grunn ved all planlegging, og i byggje- og driftsfasen.

Handboka inneheld nok enno både feil og manglar. Men gjennom ajourhald og utvikling vil handboka kunne bli eit godt og effektivt reiskap i all vår verksemd.

Geirmund Nordal

SAMORDNING AV HMS-ARBEIDET



Sikkerhet
skal være
en naturlig
del av
jobben!



Vegvesenets politikk er klar: Arbeidet med å forhindre skader skal prioriteres på linje med produksjon, teknikk og økonomi - og være en del av ledernes resultatansvar. Sikkerhet skal inngå som en naturlig del av alle arbeidsoperasjoner, fra planlegging til fullført jobb.

Vår nye Håndbok for helse, miljø og sikkerhet kommer som et resultat av en omfattende intern prosess.

Det er viktig å få en samlet dokumentasjon av gjeldende forskrifter og rutiner, bl a for å kunne følge opp saker som ikke er som de skal være.



Alle som leverer tenester til Vegvesenet må kunne dokumentere at dei har Internkontroll og driv si verksemd i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

På arbeidsplassar som har «blanda drift» ser Vegvesenet

på seg som hovudbedrifta og ansvarleg for å samordne HMS-arbeidet, dette frittek ikkje innleidde firma frå ansvar for Internkontroll i eigen bedrift. Det er no viktig at våre arbeidsløiarar tek ansvar for samordning av HMS-arbeidet og kontrollerer dei krav Vegvesenet stiller ved utlysing av entreprisar, ved bruk av eigne og innleidde maskiner. Byggjemøta må brukast aktivt til oppfølging av HMS-arbeidet, det er viktig å skrive vedtak i møteprotokoll, som blir dokumentasjon i handboka D.11.

Avvik er omtalt i handboka F.12 det må reagerast på avvik, ikkje godta forklaringar og lause lovnader.

Ved reine entreprisarbeid der Vegvesenet berre har kontrollfunksjon, skal ansvaret for HMS-arbeidet avklarast og førast i møteprotokoll, protokollen skal inn i handboka D.11 som dokumentasjon.

For einmannsbedrifter, til dømes ein gravemaskineigar, er det også krav om Internkontroll, det må understrekast at som minimum er det Vegvesenets Internkontroll som gjeld.

Maskineigar skal etterleve gjeldande lover og forskrifter, til dømes bruk av personleg verneutstyr AT forskrift 483, maskina skal ha godkjent kontrollbok, nødvendig forsikring og maskinførar skal ha yrkesbevis eller opplæringsbok.

Knut Stokkeland

ARBEIDSMILJØUTVALGET

Paragraf 23 og 24 i arbeidsmiljølova (AML) seier klart frå om kva bedrifter som skal ha eit arbeidsmiljøutval (AMU) og utvalet sine oppgåver.

Medlemene i utvalet blir valt for 2 år, der 3 er frå leiinga og 3 frå arbeidstakarane.

AMU for perioden 94/95 består av:

Paul Bølset, Arnold Hustad, Else Karin Flisnes, Levor Legernes, Tore Andersen, Oddvin Haukeberg.

Verneleiar sit i utvalet saman med ein sekretær.

I HMS-boka's F-del kap. 7.1, finn vi omtale om AMU sine gjeremål.

AMU har tre underutval:

AKAN (Arbeidslivets Komite mot Alkoholisme og Narkomani)

AFU (Attføringsutvalet)

Byggjeutval

Underutvala sine gjeremål



AKAN: AMU ved Statens vegvesen Møre og Romsdal gjorde i 1984 vedtak om å starte AKAN-arbeid. I 1993 og 1994 er leiarar på alle nivå samt verneomboda hatt ein dag opplæring på dette temaet.

Retningslinjene finn vi i HMS-handbokas S-del kap. 21, nr. 11. Akanutvalet består av hovudkontakt, verneleiar, adm.sjef og bedriftslege/sjuepleiar.



AFU: AFU skal hjelpe tilsette som av helseårsaker ikkje lenger kan utføre sitt daglege yrke. I staden for trygding, kan det som alternativ verte tale om attføring eller omplassering. HMS bokas F-del kap. 7.2 og 11.5 gir leiar ei rettesnor for dette arbeidet.

AFUs samansetjing er hovudtillitsmann, representant frå arbeidsgjevar, bedriftslege/sjuepleiar og verneleiar.




Byggjeutvalet: Byggjeutvalet skal orienterast om planlagt byggjeprojekt, takast med på råd, samarbeide med brukarane, og følgje opp bygginga fram til ferdigstilling og godkjenning ligg føre. Retningsliner for handsaming av byggjesaker er omtalt i HMS kap. S.2.2.


Byggjeutvalets medlemmer er: Hovudverneombod, hovudtillitsmann og verneleiar.

Helge Lilleidet

Fysisk aktivitet gir trivsel



Ingen ting å si på innsatsen her. Odd Harnes, superveteran på volleyball-laget, har spensten i orden.



Odd Harnes har vært en av drivkreftene bak volleyballen. Han er en miljøfaktor lagkameratene vet å sette pris på.

Adrive fysisk aktivitet på et normalt plan er sunt. Skadene blir færre og gjerne ikke for alvorlige. Jeg tror nå en gang at den sosiale siden og gleden blir tatt bedre vare på gjennom en normal bedriftsidrettsinnsats. At bedriftsidretten betyr mye for arbeidsmiljøet er sikkert.

Det er Odd Harnes, lagerformann ved vegsentralen i Molde, som sier dette – samtidig som han beskriver sin idrettsinnsats. I mer enn 25 år har han vært en av drivkreftene bak det spenstige volleyballmiljøet blant vegvesenansatte i Moldeområdet. At førstelaget, med han selv som en av de faste spillerne, har vært førende i bedriftsseriens førstedivisjon, er liksom bare slik det skal være.

Det var bare tilfeldigheter som førte den tidligere MFK-spilleren, med mange kamper på Molde stadion bak seg, til innendørsidretten volleyball.

– Det var fotball som var min idrett fra barnsben av. Som guttunge hadde jeg ikke tanker for så mye annet enn nettopp fotball. Jeg var guttemester for MFK i 1946 og i 1948 var jeg på laget som ble juniormestre. Siden ble det A-lagsspill i fire år, fra 1952 til 1956. Fotball var også da en stor idrett omfattet med stor interesse, men langt fra så viktig som leken med lærkula i dag.

Da jeg begynte i etaten midt på sekstitallet, tok jeg og flere arbeidskamerater initiativ til å få igang et volleyball-lag som kunne være med i bedriftsserien. Jeg må tilstå at fotballen fort ble glemt, innrømmer Odd Harnes.

Foruten at han ledet volleyballutvalget i bedriftsidrettskretsen i Romsdal en periode, har han med sin store interesse for bedriftsidrett vært formann i bedriftsidrettslaget vårt i en tiårsperiode.

– Fortsatt er volleyball min store lidenskap og min store fritidsaktivitet i den mørke årstiden. Som bedriftsidrett er volleyball utmerket. Denne idretten gir få skader, den foregår innendørs og vi er ikke avhengig av 11 mann på banen. I

bedriftsfotballen er gjerne skadene flere og mer alvorlige enn i annen bedriftsidrett.

Bedriftsfotballspillere trener kanskje ikke nok og riktig. Dette, sammen med for stor innsats på banen og det faktum at vi alle etter hvert blir eldre, tror jeg kan være årsaker til at det er flere skader i bedriftsfotball enn det er i volleyball. Før seriestart trener vi en gang i uka. Når serien er i gang trener vi en gang i uka i tillegg til en kamp.

Sammen med kona, også hun vegvesen-tilsatt, lever Odd Harnes et aktivt friluftsliv. Han forteller at helgene gjerne brukes til turgåing, men når sola kryper over åskammen og gresset etter hvert blir grønt, frister hagen og båtlivet mer.

– Det er viktig å være ute i frisk luft. Friluftslivet betyr mye for meg. Min filosofi er at man skal gjøre det man har lyst til, men med måte. Så jeg overdriver ikke, hverken når det gjelder bedriftsidrett eller friluftslivet. At arbeidskamerater også har felles interesse og noe vi kan samle oss om i fritida, betyr mye i arbeidstida og for miljøet på arbeidsplassen, sier han.

Vi tror ikke det skulle være ukjent for så alt for mange i etaten vår, at Odd har vært en av drivkreftene bak Møre og Romsdal sin gode innsats i Vegmesterskapene i presisjonskjøring.

– Møre og Romsdal har jo så absolutt markert seg under disse mesterskapene, men det kommer først og fremst av at vi har så mange dyktige sjåførere. Jeg har fått vært med på å ta ut lagene og har vært reiseleder i forbindelse med de siste års "VM", forteller Odd Harnes som også innrømmer at han ser fram til å bli pensjonist.

– Jo, det skal bli fint. Det er vel kanskje på tide å slippe yngre krefter til. Innretter man seg på arbeidsplassen og kanskje driver fysisk aktivitet i både organisert og uorganisert form, opplever man gjerne å få trivselen på kjøpet, avslutter Odd Harnes, superveteran på volleyball-laget vårt – og kanskje den ivrigste?

Tone Rød

Handboka på anlegget

HVORDAN ANLEGGSSOPPSYNSMENNENE SKAL BRUKE BOKA
OG HVILKEN NYTTE HAR ANLEGGslederen AV BOKA



Bevisstgjøring av alle ledd i organisasjonen til aktivt å ta del i HMS-arbeidet er viktig for å lykkes.

HMS-boka er klart påpekt at stedlig tenestemann, dvs. anleggsoppsynet, har det hele og fulle ansvar for at risikoforhold blir gjort kjent blant arbeidstakerne og at sikkerhetsbestemmelsene blir fulgt.

Dette er grei tale, men det er helt klart at det er flere enn bare anleggsoppsynsmannen, alene, som må bidra med å tilrettelegge for et forsvarlig HMS-arbeid. Blant annet kreves det at oppsynet har fullstendig oversikt over arbeidsoppgavene og dernest en omfattende detaljkunnskap om de enkelte arbeidsoperasjoner. Det vil derfor, etter mitt syn, kreves et forum mellom oppsyn og arbeidstaker for å diskutere arbeidsoppgavene, avdekke mulige risikofaktorer og finne forholdsregler mot disse.

I denne anledning tror jeg at «fredagsmøter», som er et kort planleggingsmøte mellom arbeidstaker og oppsyn der kommende ukens arbeidsoppgaver gjennomgås og bestemmes, er et ypperlig forum for også HMS-arbeidet. Dette vil også gi arbeidstaker anledning til aktiv medvirkning i HMS-arbeidet. En kort rapport som også omhandler HMS-diskusjonen på «fredagsmøtet» skal skrives.

Dette mener jeg er en av de beste og mest aktive måter anleggsoppsynet kan bruke HMS-boken på.

Byggemøtet er det formelle forum for innspill og meningsutveksling, også når det gjelder HMS. Anleggsleder og oppsyn er faste representanter på byggemøtene der HMS er fast post på saklisten.

I byggemøtene er det nødvendig å få dokumentert at sikkerhetskrav som f.eks. sertifisering, lagring og transport av brannfarlige og eksplosive varer, søknader/godkjenninger osv. er tilfredsstillende og at dette kommer i byggemøtereferatet. Boka gir tilvisninger på hvordan en skal forholde seg til dette.

Videre vil det, under drift, kunne komme diskusjoner i byggemøtene som har direkte tilknytning til HMS som kan få økonomiske og fremdriftsmessige konsekvenser. HMS-boka vil være et godt støtteredskap for anleggslederen i slike tilfeller.

Jeg tror at nøkkelord i denne forbindelse er opplæring i bruk av materialet for bevisstgjøring av alle ledd i organisasjonen til aktivt å ta del i HMS-arbeidet.

Arnold Hustad

KVA VEIT DU OM HMS?



**Oppsyns-
mann
Stig
Seljeseth**
T-5:
– HMS

står for helse, miljø og sikkerheit. HMS-handboka er ein nyttig reiskap, og vi blir tvungne til å tenkje tryggleik, helse og miljø i det vi gjer.



**Oppsyns-
mann
Dagfinn
Rotevatn**
T-2:
– HMS er

vår kvalitetssikring heile vegen! Eg har ikkje tenkt nok gjennom kva handboka vil få å seie i kvar dagen vår, men eg er ikkje i tvil om at ho vil verte viktig på alle område.



**Første-
sekretær
Unni
Vassgård**
– HMS
står for

helse, miljø og sikkerheit. Ellers må jeg innrømme at jeg ikke har så altfor god kjennskap til dette.



**Kontroll-
ingeniør
Halgeir
Brude-
seth:**
– Jo da,

eg veit kva HMS står for. Innanfor mitt arbeidsområde er det klart at HMS og stiller krav til entreprenørane, og det dreier seg om lovpålagte krav entreprenørane skal følge opp. Eg får sjå til at det vert gjort.

OPPRETTING AV NY ARBEIDSPASS

spesialdelen, S1-S5, er det opplistet en ryddig oversikt og huskeliste over de formelle prosedyrer og rutiner som skal følges under forberedelsen før oppstart av anleggsdrift. For så vidt er ikke dette noe nytt, men å få det samlet i kronologisk rekkefølge er ubetinget en fordel.

HMS-boka inneholder også en fin påminnelse om vurderinger en må gjøre og planlegge i denne tidlige fasen. Som f.eks. standard på bygninger og personalrom, lagring av sprengstoff og brannfarlige varer. Henvisningene til hva eller hvilke rundskriv, lover, håndbok osv. eller ATs publikasjoner som gjelder er nødvendig.

Å få opplistet verneombudene er «nytt» og nyttig. Siden dette står blant de første sidene i boka, er dette en grei oppmoding om å dra vernetjenesten mer aktivt inn i oppstartfasen og også senere når anlegget er i drift.

En aktiv vernetjeneste bør delta i noen av byggemøtene når HMS blir behandlet.

Arnold Hustad

KVA VEIT DU OM HMS?

**Full-
mektig
Mary
Seljeseth**



– Helse, miljø og sikkerheit. Ellers vet jeg ikke så veldig mye.

**Hovud-
tillits-
mann
Tore
Andersen:**
– HMS



har mykje å seie for den einskilde arbeidstakar og etaten sine kvalitetstryggleikssaker. Gjennom HMS-handboka blir helse, miljø og tryggleiksaspektet teke hand om.

**Oppsyns-
mann Nils
Björdal,
T-2:**



– Eg veit svært lite om HMS-filosofien vår. Handboka har eg fått, men eg har ennå ikkje sett meg inn i innhaldet og kva ho seier om helse, miljø og sikkerheit.

**Konsulent
Marit
Halvorsen**



– Det er ikke mye jeg vet om HMS, men vet at bokstavene står for helse, miljø og sikkerheit.

Skal forebygge skader

Arbeidsoppgavene på veg-anlegg har et utrolig mangfold og de fleste av oppgavene er forbundet med mer eller mindre risiko for liv og helse. Jeg oppfatter at HMS-bokas hovedbudskap nettopp er å forebygge skader og ulykker på arbeidsstedet.

I boka, Spesialdelen, er det forsøkt gjort rede for de fleste arbeidsoppgavene som kan være farlige. Risikoarkene gir oversikt over de aktuelle arbeidsoppgavene og mulige risikoforhold. Når det gjelder krav til verneutstyr og sikkerhet blir det henvist til gjeldende sikkerhetsbestemmelser eller håndbok. Dokumentasjonsdelen har for øvrig en komplett oversikt over risikoarkene.

Vi ønsker selvsagt å unngå ulykker av enhver art, men en skal heller ikke ha den mening at det aldri kan skje. Skulle derimot ulykken være ute er dette ivare tatt i Fellesdelen på en god måte, ved at det er innbakt fastlagte melderutiner ved alvorlig ulykke eller dødsfall. Likeså er det gjort rede for hvordan pårørende skal følges opp.

Dette var bare noen sporadiske utdrag av HMS-bokas innhold, men jeg tror at det trengs en systematisk opplæring for å lære å bruke HMS-boka i det praktiske liv og ikke minst bevisstgjøre brukeren til å få et ryddig og systematisk forhold til helse, miljø og sikkerhet på anleggsstedet.



Overingeniør Arne Lauvrak (t.v.) og oppsynsmann Arnold Hustad sier at HMS-bokas hovedbudskap er å forebygge skader og ulykker på arbeidsstedet.

Arnold Hustad

Skadar og melderutinar

Ulykker – Nestenulykker og mel-
dingsrutinane for desse. Vi kan
lese i HMS-boka kap. F-4 at
Vegvesenet har eit overordna mål:

I vårt arbeid skal det ikkje oppstå
ulykker eller belastningar som kan
skade oss. Tilsette i etaten må difor
arbeide aktivt for å få ned talet på
skadar. Dette kan ein blant anna gje-
re ved at alle skadar/ulykker blir rap-
portert til verneleiar på fastsette skje-
ma, samt RTV bl. 11.01 A.

Ser vi i HMS-handboka kap. F-11.1
og 11.2 finn vi retningslinjer for
rapportering.

Det er viktig at alle skadesaker blir
handsama i avdelingsmøte og i AMU,
dette for at andre kan lære av opp-
stått skade.

I 1992 hadde vi 35 melde skadar
som gav ca. 480 fråversdagar. I 1993
hadde vi 34 melde skadar som gav
ca. 215 fråversdagar.

Nestenulykker/tilløp til skadar skal
meldast og handsamast på same
måte som skadar og ulykker. Det vart
meldt om ei nestenulykke i 1993. Det

synes som om det er uvisse om ruti-
nane for melding av denne kategori.
Ein ting er sikkert: Er du i tvil så send
melding!

For HMS, vernetenesta, er skade-
meldingane det viktigaste hjelpemid-
del for å unngå nye skadar. Vi kan her
ta eit døme:

I fleire år er det bl.a. snubling og
fall som har gått igjen som største
skadepost. Ut frå meldingane har vi
sett i verk utprøving av nye modellar
av fottøy som betre passar dei ein-
skilde arbeidsoppgåver, dette med
håp om at fallulykkene kan reduse-
rast.

Talet på fråversdagar innafor den-
ne skadegruppa har gått ned i 1993
(1992: 64 dagar, 1993: 35 dagar).

Dette er en positiv utvikling.
I HMS-handbokas dokumentasjonsdel
kap. D.9.1 og 9.2 skal vi, som det går
fram av namnet, dokumentere mel-
dingane og handsaminga av dei ein-
skilde skadar.

Helge Lilleeidet

Sjukefråver

Sjukefråveret i Vegvesenet for
heile landet har gått ned i 1993.
Vi kan halde tala opp mot NSB,
som har same tal på tilsette som
Statens vegvesen:

NSB: 3 kv. 1992 6,1 %
3 kv. 1993 6,2 %

Statens vegvesen:
3 kv. 1992 3,5 %
3 kv. 1993 3,1 %

Møre og Romsdal ligg over desse
tala, og har hatt ei auke i fråveret i
1993:

3 kv. 1992 5,2 % 3 kv. 1993 6,4 %
Kapittel F.7.2 seier oss litt om det

førebyggjande arbeidet som kan gje-
rast for at vi lokalt kan redusere sju-
kefråveret. Dette blant anna ved at vi
aktivt nyttar dei bedriftshelseteneste-
ne vi har avtale med.

Som arbeidsleiar har du og ei opp-
gåve for å hjelpe den tilsette med å
snarast kome tilbake til sitt daglege
arbeid. I HMS-boka kap. F-11.5 finn
ein kva vi skal gjere i høve til den
sjukmelde.

Tenkjer vi på våre arbeidskamera-
tar? Er det eit godt miljø på arbeids-
plassen som gjer at den sjukmelde
ønskjer å bli
frisk?

KVA VEIT DU OM HMS?

**Oppsyns-
mann
Kjell
Hauke-
berg, T-4:**



– HMS-
handboka
er eit oppslagverk for
kvalitetssikring. Ved til
dømes oppstart av nye
anlegg vil handboka vere
retningsgjevande for hel-
se, miljø og tryggleiks-
hensynet.

**Full-
mektig
Marianne
Amundsen**



– Jeg må
nok vedgå
at det er lite jeg vet om
HMS.

**Oppsyns-
mann Tor
Inge
Unhjem,
T-6:**



– Eg veit
for lite om HMS. Det er
difor vanskeleg å vite
kva HMS og handboka
vil få å seie for meg.

**Oppsyns-
mann
Terje
Anundsen,
T-5:**



– HMS-
handboka vil verte ein
nyttig reiskap i arbeids-
dagen vår. Den tek vare
på arbeidstakarar sine
interesser innanfor nett-
opp helse, miljø og
tryggleik. Handboka vil
verte eit viktig oppslags-
verk innanfor denne sida
av verksemda vår.

KVA VEIT DU OM HMS?



**Oppsyns-
mann
John
Lillegård,
T-9:**

– Eg veit
ikkje kva

HMS-handboka vil få å seie for meg. Eg kjenner lite HMS-arbeidet i etaten, men likevel vil eg tru at dette vil vere til fordel for kvar av oss.



**Full-
mektig
Irene Hoel**

– Det er
noe jeg
ikke har
særlig

kjennskap til. Jeg jobber på et område som medfører at jeg foreløpig ikke har kommet direkte i berøring med HMS.



**Over-
ingeniør
Per Arne
Gjerde:**

– Gjennom
HMS-
handboka

vert vi pålagt å følgje HMS ute på anlegg?



**Første-
fullmektig
Irene
Bolsø**

– HMS?
Ingen ting!

HMS-GRUPPA KVA NO?

HMS-gruppa som har leia og samordna utarbeidinga av dei 3 HMS-handbøkene ser seg no ferdig med arbeidet. Det er no opp til avdelingane å ta produktet i bruk og gi tilbakemeldingar på godt og vondt.

Det vidare arbeidet:

Kap. F-0.1 viser korleis den framtidige oppdateringa er tenkt gjennomført.

Det vil no bli verneleiar og HMS-kontoret som har ansvaret for oppdatering av HMS-handboka, så tilbakemeldingar må meldast til dette kontoret.

På sikt er planen å få heile HMS-handboka med tilhøyrande tilvisingar inn på data. Det vil då vere mogleg å ta ut aktuelle kap. på nettverk i dei einiskilde avdelingane i fylket. Oppdateringa vil då til ein kvar tid vere á jour.

Arbeidstilsynet sine forskrifter vil verta tilgjengeleg så snart avd. blir knytt til PC nettverk med vegkontoret.

Helge Lilleidet

KVA VEIT DU OM HMS?

**Oppsyns-
mann
Sigurd
Solemdal,
maskin-
avde-
linga:**



– Eg er heilt utan kunnskap om HMS, og eg har heller ikkje hatt tid hittil til å setje meg inn i HMS-handboka.

**Oppsyns-
mann
Arne
Eidskrem:**



– HMS

står for

helse, mil-
jø og sikkerheit.

Handboka tek vare på arbeidstakaren sin tryggleik, og boka er eit viktig bidrag i vår arbeidsdag.

**Oppsyns-
mann
Jørn
Storli,
T-7:**



– Eg må

innrømme

at HMS kjenner eg i dag svært lite til.

**Første-
sekretær
Liv
Andresen**



– HMS

står for

helse, mil-
jø og sikkerhet. HMS

utgjør en del av det totale kvalitetssikrings-systemet vårt. HMS-håndbøkene er laget for å påvirke og forbedre prosedyrer og rutiner i vårt daglige arbeid.

Bedriftstrening

Det er liv og røre og mye svette blant unge og eldre hver torsdagskveld i Raumahallen når bedriftstrimmen står på.

Det hele startet da bedriftshelsetjenesten i Rauma ansatte Kari Opseth Øren som fysioterapeut. Ho satt inne med ideen om å få stive muskler myke igjen, og tok initiativet til å starte opp bedriftstrimmen som er blitt en suksess.

Det var i vinter Vestnes/Rauma Bedriftshelsetjeneste gikk ut med et tilbud til våre medlemsbedrifter om trening for tilsatte på kveldstid.

Treningen er lagt opp som vanlig sirkeltraining, noe som de fleste er kjent med fra skoledagene, og foregår i en time en gang pr. uke. Sirkelen har 15 stasjoner der en jobber i 45 sek. med musikk til arbeidet, også 15 sek. pause for å bytte stasjon.

Målet er å gi flest mulig et gratis og uforpliktende treningstilbud som virker forebyggende på de vanligste belastningssykdommene. Disse er i all hovedsak rygg- og nakkeplager.

Erfaringen fra vårt ståsted er udelt positivt, og vi har også fått masse positive tilbakemeldinger fra deltagerne. Antall deltagere har variert fra 70 til 5, alt etter hva folk har hatt tid til.

Både kvinner og menn benytter seg av treningstilbudet. Organiseringen gjør det mulig for alle å delta, uansett formnivå.

Vi håper at flest mulig i Statens vegvesen som bor slik til at det er mulig, møter opp i Raumahallen torsdag kl. 1900, oppfordrer Kari Opseth Øren.

Karl Arne Ekroll/ Kari Opseth Øren



Kari Opseth Øren oppfordrer ansatte i Vegvesenet til å komme i gang med organisert bedriftstrening.

TENKJER TRYGGLEIK OG MILJØ

Det blir mykje farting rundt i fylket for hovudverneombod Levor Legernes frå Vikebukta. Annakvar veke tek han med seg «kontoret» sitt og nyttar bilen til å reise dit tjenesten fører han. «Kontoret» er ein stor stresskoffert som inneheld alt det han treng som hovudverneombod. Tryggleik og miljø for Vegvesenet sine folk skal alltid vere det beste. Når han ikkje fungerer som hovudverneombod arbeider han på Vestnes veggarasje.

– Hovudverneombodjobben svarar til 50 % stilling og eg har valt å dele arbeidet i to – ei veke på veggarasjen og ei veke som ombod, seier Levor Legernes som har vore over 28 år i Vegvesenet si teneste. Det var ingen ukjent mann som for to år sidan blei valt til hovudverneombod og så gjenvalt ved årsskiftet.

– Dei har vel funne ut at det trengst ein spesiell mann til ein slik jobb, seier han muntert og peikar på at det tidlegare kanskje ikkje var så enkelt å vere i den stillinga han no har.

– Men det har blitt lettare etter at internkontrollsystemet blei innført. Dessutan vil eg rette ein takk til leiinga for den fine innstillinga dei har til arbeidet mitt og den hjelpa eg har fått. Til dags dato har eg ikkje møtt på store problem, sjølv om ein av og til er ueinige i nokre saker, understrekar Legernes. Han legg til at når leiinga blir gjort merksam på det ansvar dei har når det gjeld tryggleiken til arbeidarane, så er det ikkje vanskeleg å få gjennomslag og gehør for dei merknadene han kjem med.

Hovudverneombodet representerer alle tilsette i Vegvesenet, frå vegsjef til vegarbeidar. Med seg i arbeidet har han ca. 38 stadlege representantar som verneombod.

